

## Høyringsvar - framtidig skule- og tilbodsstruktur og alternative opplæringsmodellar

*Lokallagsstyret i Nord-Fron vil med dette svare på høyringa om framtidig skule- og tilbodsstruktur og alternative opplæringsmodellar i Innlandet fylkeskommune. Utdanningsforbundet Nord-Fron har 38 medlemmar ved Vinstra vidaregåande skule og organiserer totalt 232 medlemmar i Nord-Fron.*

### **Vern om skuletilbodet i Midt-Gudbrandsdalen: Kvifor Vinstra vidaregåande skule må stå urørt.**

Innlandet fylke står no overfor ei stor omstrukturering av skuletilbodet for vidaregåande skular. Som ein del av denne prosessen, vert det foreslått å legge ned fleire skular og endre fagtilbodet på andre, med bakgrunn i synkande elevtal. Sjølv om dette kan vere naudsynt i nokre tilfelle, er det avgjerande at Vinstra vidaregåande skule ikkje vert råka av slike tiltak, og det er fleire grunner til at skuletilbodet ved Vinstra bør stå urørt.

I arbeidet med å forme den framtidige skule- og tilbodsstrukturen for vidaregåande opplæring i Innlandet fylkeskommune, er det avgjerande at ein ikkje overser dei unike behova og føresetnadene som skular i distrikta har. Vinstra vidaregåande skule er primærskule for elevar frå Midt-gudbrandsdalen og har óg mange hybelbuarar frå andre plassar.

Fylkeskommunen sitt hovudfokus er å utvikle robuste fagmiljø og skape stabilitet for både elevar og tilsette. Skulen har teke meir enn sin del av nedskjeringar ved tidlegare omstruktureringar, og det er urimeleg om det skal gå utover elevane og læringsmiljøet der enda ein gong. Vidare nedskjeringar her vil ikkje berre forringe tilbodet, men også skade det breie utdanningsgrunnlaget som no finst, og få alvorlege konsekvensar for både lokalsamfunnet og elevane.

### **Stabile søkartal og framtidig utvikling**

Vinstra vidaregåande skule har gjennom åra hatt stabile søkartal. Skuleåret 2024/25 er alle liner på yrkesfag fulle. Dette er eit tydeleg signal om at skulen oppfyller viktige behov i regionen, både for elevar og for lokalt næringsliv. Mens mange andre skular i fylket, som til dømes dei i byane Elverum og Gjøvik, opplever ein dramatisk nedgang i elevtal, er den forventa nedgangen ved VVS berre 18 elevar fram mot 2038, eit tal som fordelt utover alle fag skulle tilsvare om lag 2 elevar færre i kvar klasse. Dette viser eit stabilt fundament som bør vernast.

I tillegg til den generelle stabiliteten i elevtalet, må vi også sjå framover. Med den nye opplæringslova som gjer det mogleg for vaksne å søke seg inn på vidaregåande for etterutdanning, kan vi forvente ein auke i elevmassen. Ved opplæringslova som kom i kraft i 2024, vart retten til vidaregåande opplæring utvida, og det vert større moglegheiter for omval og yrkesfagleg rekvalifisering. Dette inneber at fleire vil ha behov for eit variert og tilgjengeleg opplæringstilbod, også i distrikta. Mange av desse vaksne studentane er etablerte med familie og arbeid, og har ikkje moglegheit til å pendle langt eller bu på hybel i byane medan dei studerer. Dei er avhengige av å ha eit godt skuletilbod i nærleiken, noko som gjer det ekstra viktig at skulen beheld sitt breie fagtilbod. Ved å bevare og styrkje skuletilbodet lokalt, kan vi sikre at fleire vaksne har moglegheita til å tileigne seg ny kompetanse, noko som er viktig både for deira personlege utvikling og for regionen si økonomiske framtid. Andre faktorar som tilseier at elevtalet vil halde seg høgt er at elevar som stryk i fag eller svenneprøve skal få meir opplæring, anten i verksemda, i skulen, eller nytt opplæringstilbod på vg.3.

I tillegg kjem behovet for å ivareta kompetansebehovet i lokalt arbeids- og næringsliv. NAVs bedriftsundersøking for 2023 viser at det er stor mangel på kvalifisert arbeidskraft i Innlandet, spesielt innan helse- og sosialsektoren, bygg- og anlegg, samt tekniske fag som krev fagbrev. Vinstra vidaregåande skule har ein viktig rolle i å utdanne fagarbeidarar som dekker desse behova, og ei ytterlegare svekking av tilbodet vil derfor direkte påverke rekrutteringa til desse viktige yrka.

### **Sterkt fagmiljø innan yrkesfag**

Eit av dei mest markante styrkane ved Vinstra vidaregåande skule er det solide fagmiljøet innan yrkesfag der klassane oftast er heilt fulle. Dei har ein lang tradisjon for å utdanne elevar innan bygg og anlegg, elektrofag, helse og sosialfag, teknikk og industriell produksjon, samt andre viktige yrkesretta fag. I tillegg har skulen vist seg å vere svært dyktig til å få desse elevane ut i lærlingplassar, noko som er heilt essensielt for deira overgang til arbeidslivet.

Det er ikkje berre fagtilbodet i seg sjølv som er viktig, men også den nære koplinga skulen har til det lokale næringslivet. Dei har opparbeidd seg ein solid posisjon som leverandør av kvalifiserte lærlingar til bedrifter i regionen, og dette samarbeidet er noko som må byggast vidare på, ikkje undergravast ved å flytte eller redusere fagtilbodet. Å svekke skulen sitt yrkesfaglege tilbod vil få alvorlege konsekvensar for lokalsamfunnet, som er avhengig av tilgangen på godt utdanna fagarbeidarar.

Å flytte helse- og sosialfag frå Vinstra vil vere eit feilgrep. Med eit aukande behov for helsepersonell i samfunnet, spesielt innan eldreomsorg, er det avgjerande å sikre rekruttering lokalt. Helse- og oppvekstfag på Vinstra har høge søkartal og fulle klasser, noko som viser sterk lokal interesse og behov. Å behalde faget på Vinstra sikrar at elevane får utdanning nær heimen, noko som fremjer rekruttering til lokale arbeidsplassar. Det vil også sikre tilstrekkeleg tilgang på lærlingar til sjukeheimar og andre helse- og omsorgstilbod i Midt-

Gudbrandsdalen. Elevar frå t.d. Ringebu og Fåvang vil ikkje søkje seg til Otta, dei vil velje Lillehammer viss tilbod på Vinstra blir borte. Då vil mange få praksisplassar og lærlingeplassar i nærleiken av skulen, og fleire vil busette seg der permanent. På sikt får vi enda større utfordringar for bemanning i helsesektoren i Midtdalen.

Vinstra vidaregåande skule har óg svært godt utstyrte helsefagrom. Dei er oppgradert med mykje nytt og moderne utstyr innan velferdsteknologi. Det er framtidens helsefagarbeidarar som blir utdanna her.

Det er óg viktig at skuletilbodet har ei brei vifte med liner som appellerer til både kjønn. Mange elevar vel tradisjonelt sjølv om det blir oppmoda til å sjå andre moglegheiter. På Vinstra er helse og oppvekst nå det einaste yrkesfaglege tilbodet som appellerer mest til jenter, medan det er ei mykje breiare vifte av dei tradisjonelle «gutefaga». Denne balansen må ikkje verte ytterlegare forverra.

### **Bevaring av studiespesialiserande: Ein nødvendighet for framtida**

Eit anna sentralt aspekt er tilbodet ved studiespesialiserande linjer ved skulen, som inkluderer fag som t.d. språk, biologi, fysikk, kjemi, matematikk, entreprenørskap og rettslære. Desse faga er ikkje berre viktige for dei elevane som har som mål å studere vidare på universitet og høgskular, men dei er også essensielle for næringslivet i regionen. Undersøkingar viser at ansatte med høgare utdanning er mangelvare for næringslivet i Midtdalen.

Realfaglege utdanningar er ein nøkkel til utvikling innan teknologi, helse, ingeniørfag og mange andre felt som er kritiske for samfunnsutviklinga. Språk er òg viktig med tanke på både turismen og samfunnsutviklinga elles. Ved å oppretthalde eit sterkt studiespesialiserande tilbod bidreg skulen til å sikre at regionen kan møte framtidige utfordringar med godt kvalifiserte kandidatar. Vinstra vidaregåande skule er tufta på Gudbrandsdal landsgymnas, og har lange og gode akademiske tradisjonar som er vidareført sidan starten i 1946.

Musikklinja og landslina for folkemusikk gjev óg elevane studiekompetanse. I fleire av fellesfaga er studiespesialiserande og musikkelevane i same undervisningsgrupper. Dette er liner som bidreg til mykje meir enn berre teoretisk kunnskap. Ein del elevar går vidare som profesjonelle utøvarar på høgt nivå, medan andre bruker musikken som hjelp til å kome gjennom teoritunge år. Både heimebuande elever, hybelbuarar og lærarar gjev uvurderlege bidrag til skulemiljøet og Midtdalen sin identitet som kulturregion.

### **Lokalsamfunnet**

Til slutt er det viktig å understreke at ein sterk vidaregåande skule i Midt-Gudbrandsdalen er avgjerande for å oppretthalde eit levande og berekraftig lokalsamfunn. Skulen er ikkje berre

ein læringsarena, men ein sentral samfunnsaktør som bidreg til lokal identitet, kultur og tilknytning, samt at det er ein av dei største arbeidsstadane i Gudbrandsdalen! Ein nedbygging av tilbodet her vil svekke heile regionen, ikkje berre på kort sikt, men også i eit langsiktig perspektiv.

Difor bør Innlandet fylkeskommune anerkjenne verdien av Vinstra vidaregåande skule som ein uunnverleg del av regionen sin framtidige utdanningsstruktur, og sørge for at den vert bevart og styrkt i staden for å bli svekka. Det er ikkje fremma forslag om endringar eller kutt ved Vinstra vidaregåande skule i høyringsdokumenta, og denne innstilliga må ikkje rokkast ved.

Det handlar ikkje berre om tal og økonomi, men om menneske, samfunn og framtidsutsikter. Fylkeskommunen har levende byer og bygder og god livskvalitet som eit av sine overordna mål. Dette kan ikkje gjelde berre for dei største byane ved Mjøsa, men for heile fylket.

Med helsing

Lokallagsstyret

Utdanningsforbundet Nord-Fron